

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN  
nr. 235/2017**

**2019/EØS/80/27**

**av 15. desember 2017**

**om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Delegert kommisjonsforordning (EU) 2017/1227 av 20. mars 2017 om vilkåra for klassifisering utan prøving av limtrevarer som er omfatta av den harmoniserte standarden EN 14080, og finger-skøytt konstruksjonsvirke som er omfatta av den harmoniserte standarden EN 15497, med omsyn til brannpåverknaden deira, og om endring av vedtak 2005/610/EF<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Delegert kommisjonsforordning (EU) 2017/1228 av 20. mars 2017 om vilkåra for klassifisering utan prøving av utvendig og innvendig puss som er basert på organiske bindemiddel og omfatta av den harmoniserte standarden EN 15824, og utvendig og innvendig pussmørtel som er omfatta av den harmoniserte standarden EN 998-1, med omsyn til brannpåverknaden deira<sup>(2)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Vedlegg II til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkkel 1*

I kapittel XXI i vedlegg II til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 2t (delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1293/2014) skal nye nr. 2u–2v lyde:

”2u. **32017 R 1227:** Delegert kommisjonsforordning (EU) 2017/1227 av 20. mars 2017 om vilkåra for klassifisering utan prøving av limtrevarer som er omfatta av den harmoniserte standarden EN 14080, og finger-skøytt konstruksjonsvirke som er omfatta av den harmoniserte standarden EN 15497, med omsyn til brannpåverknaden deira, og om endring av vedtak 2005/610/EF (EUT L 177 av 8.7.2017, s. 1).

2v. **32017 R 1228:** Delegert kommisjonsforordning (EU) 2017/1228 av 20. mars 2017 om vilkåra for klassifisering utan prøving av utvendig og innvendig puss som er basert på organiske bindemiddel og omfatta av den harmoniserte standarden EN 15824, og utvendig og innvendig pussmørtel som er omfatta av den harmoniserte standarden EN 998-1, med omsyn til brann-påverknaden deira (EUT L 177 av 8.7.2017, s. 4).”
2. I nr. 2d (kommisjonsvedtak 2005/610/EF) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:
  - **32017 R 1227:** Delegert kommisjonsforordning (EU) 2017/1227 av 20. mars 2017 (EUT L 177 av 8.7.2017, s. 1).”

<sup>(1)</sup> TEU L 177 av 8.7.2017, s. 1.  
<sup>(2)</sup> TEU L 177 av 8.7.2017, s. 4.

*Artikkkel 2*

Teksta til delegert forordning (EU) 2017/1227 og (EU) 2017/1228 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 16. desember 2017, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(\*) .

*Artikkkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 15. desember 2017.

For EØS-komiteen

*Sabine Monauni*

Formann

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.